

## Notat

Dykkar dato:	Vår dato:	01.12.2020
Dykkar ref:	Vår ref:	2020/461 -
	Arkiv:	10903/2020
	Sakshandsamar:	150
		Trond Salmo

Til:  
Ordfører

### Oppdatert informasjon og bekymring over budsjettframlegget

Det er sjeldan rådmannen uttalar seg til budsjettet etter at formannskapet har lagt si innstilling til kommunestyret, og offentliggjort dette. Men oppdatert kunnskap om folketalsutviklinga og effekten av denne( Jfr muntleg presentasjon i formannskapet 25.11) og storleiken på utfordringa gjer at rådmannen vel å gjera dette. Rådmannen har munnleg tatt dette opp med ordfører.

I formannskapet si innstilling er det ein underliggjande, men konkret, ubalanse i budsjettet som må synleggjerast. Dersom denne økonomiske situasjonen ikkje vert betra gjennom kommunestyret si handsaming vil kommunen måtte gjenoppta diskusjonar om driftsreduksjonar raskt, noko som vil skapa uvisse i etatane sine budsjett, og/eller ein vil pådra seg ein større ubalanse som vil krevja meir alvorlege driftsreduksjonar i budsjettet 2022. Dersom vi står overfor eit planlagt driftsunderskot i 2021, vil det krevja inndekning i 2022.

Rådmannen stiller også spørsmål om kva kunnskapsgrunnlag som ligg føre for formannskapet sin endra storleik på dei forventa auka inntektene i økonomiplanen, og kva vurderingar som ligg til grunn for den reduserte økonomiske reserven Jf. kommunestyret sitt vedtak om finansielle måltal for netto driftsresultat.

Budsjettinnstillinga slik ho ligg føre, vil truleg gje eit underskot i storleiken 3 mill. for 2021.

Slik ser ein for seg budsjettarbeidet i 2021:

- Første kommunestyre: finne inndekning for koronamidlar nytta i drift 1,5 mill. Her vil det kunne bli fleire av påplussingstiltaka i innstillinga, som blir foreslått reversert.
- Revidert budsjett i juni: Finne innsparingar for 2 mill. i manglande skatteinntekter grunna redusert folketal.
- Budsjett 2022: Finne inndekning for 2 mill. i manglande skatteinntekter og 1 mill. i redusert rammetilskot (grunna folketalsnedgang), i tillegg til vurdering av det auka inntektsanslaget frå Havbruksfondet

### Bruk av koronamidlar til ordinær drift

#### Erfaringar 2020

Det er for tidleg å seia korleis forholdet mellom utgifter og inntekter vert for pandemien i 2020. Ved førre rapportering til fylkesmannen, vart våre utgifter estimert til 4 mill. (for heile 2020), medan ekstraintekter over rammetilskot og skjønstilskot er 3,7 mill. Utgiftene tek ikkje høgd for smitten som var i Fitjar etter rapporteringspunktet. Vurderinga til administrasjonen pr no er at ekstramidlar er i tråd med ekstraavgiftene kommunen har med pandemien.

#### 2021:

Rådmannen har vist i budsjettnotat korleis koronamidlane som staten har løyvd til kommunesektoren for første halvår, er foreslått nytta i Fitjar dei tre første månadane i 2021, og har 1,5 mill. i reserve til dei neste tre månadane. Det er ikkje tvil om at det vert ekstrautgifter med pandemien etter 1. april. Når formannskapet nyttar desse midlane til ordinær drift, utfordrar det kravet om at budsjettet skal vera realistisk.

I praksis vil eit slikt vedtak pålegge rådmannen å finne tilsvarande innsparing i vedtatt budsjett. For å gjere dette må til slutt, kommunestyret velje kva for tiltak som ikkje skal gjennomførast, eventuelt kva for innsparingar som skal gjennomførast. Dette skapar uforutsigbarhet i organisasjonen.

### **Skatteinngang – folketalsnedgang**

Budsjettert netto skatteinngang er henta frå KMD sitt anslag i statsbudsjettet. Dette føreset at folketalet i Fitjar veks i same takt som folkeveksten nasjonalt, med utgangspunkt i folketalet 1. januar 2020. Skulle vi halde den nasjonale folketalsveksten måtte folketalet i Fitjar må vera om lag 3215 ved årsskiftet. Folketalet er redusert med 51 i løpet av dei 9 første månadane, og er 3138 ved siste teljing. Skattesvikten vil bli i same storleik alle år i økonomiplanen.

I tillegg føreset det same skatteinngang / landssnittet som i 2019.

### **Berekning:**

Beste berekning på dagens skatte- og innbyggjartal vert slik:

Skatteinngang 2020 / innbyggjarar 1/1-20  $88\,000\,000,- / 3189 = 27\,595,-$  per innbyggjar

Forventa auke i inntekt per innbyggjar er i statsbudsjettet 6,2 % (6,6 % - 0,4 % i folketalsvekst).

Forventa skatt per innbyggjar i 2021 vert då  $27\,595,- * 1,061 = 29\,306,-$

3138 innbyggjarar gjev då ein skatteinngang på  $91\,962\,000,-$  og ei skatteutjamning på  $7\,752\,000,-$ .

**Samla vert dette 99 714 000,-**

Budsjettet har høvesvis  $95\,082\,000,- + 6\,631\,000,- + 200\,000,-$  (tiltak) = **101 913 000,-**

Kommunen har strategiar for å auka folketalet, forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel m.a. innan tilrettelegging for både næringsareal, bustadfelt og nyskapande prosjekt. Men utvikling i folketalet har direkte konsekvens for kommunen sine inntekter, og no på ein negativ måte.

Vi har gjennom dette notat konkretisert og dokumentert rådmannen sine bekymringar kring budsjettinnstillinga.

Med helsing

Olaug Haugen  
Rådmann